


2015

# Årsmelding

## Norsk Spaniel Klub avd. Sogn og Fjordane



Vinnarbilde i fotokonkurransen vår  
Foto: Laila Røneid



## Avdelinga i tal - Rapport til NSK:

Medlemmer:	52 (50+2+1)	+ 3 fra 2014	Diverse:
Møter:	Tal arrangement:	Tal medlemmer (andre)med:	
Styremøter:	2	3	Har fortløpende kontakt på FB som vert teke inn i møtereferat
Komitémøte (planlegging):	2	3	Før prøvar
Medlemstreff/møte:	6	32 (11)	Feb: Rallytrening på Kaupanger 5 var med Mai-sportrenings Luster 7 +1 var med Mai: Eid-apport+spor 7 + 4 var med Juni: Jakt-trening Gaupne 3 var med Juni: Rally-trening Luster: 4 var med Nov: Samling på Byrkjelo 6 + 3 var med
Årsmøte:	1	8	Fagleg tema var fotografering/konkurranse
Arrangement:	Tal arrangement:	Tal medlemmer (spaniels/andre):	
Udstilling:	1		Arrangør: Førde BHK
Jaktprøve:	0		
Apportprøve:	3	0	2 x bevegeleg prøve, 1 x ord – ingen påmeldt
Jaktanlegg:	3	3 (5)	2 x bevegeleg prøve, 1 x ord
Ferskspor - bevegeleg:	1	0/1/4	Bevegeleg prøve
Blodspor:	4	Eid: 3 (5/10) Årdal 1: 4 (4/2) Årdal 2: 4(7) Bevegeleg: 2/1/8	Bevegeleg prøve + 3 x ordinær
Rallylydighet	2	Årdal 1: 11(45) Årdal 2: 10 (42)	Største prøve på Vestlandet!
Valpeshow:	1	0	Arrangør: Førde BHK
Kurs:	1	2 (4)	Jan: Rallylydighet 2 (2/4)
Uoffisiell utstilling:	1	6 (3)	November: Byrkjelo
Kontakt med medlemmene:			
Utsendt medlemsinfo		Jan: Årsmøtepapir sendt i posten November: Samling på Byrkjelo sendt ut på e-post	
Våre Spaniels		1 side i kvart nummer	
Heimeside		Prøver å oppdatere jevnleg	
Facebook		Hyppige oppdateringer. Har 123 «likes» i jan – 173 neste januar	
Økonomi:	På konto 31/12:	Årsresultat:	Kommentar:
	Kr 39.735.-	+ 7058	Overskot grunna manglende deltagelse RS og rallystevne som gjekk med overskot

## Andre nøkkellopplysningar/tal:

Dommarar:	Tal:	
Ettersøk (blod/fersk)	4	Arvid Solheim, Torstein Solset, Inger Handegård, Elin Anita Gjerde Elevstatus: Hilde Rotihaug (gjennomført dommarkurs – Lars Gunnar Røneid) Andreas Otterhjell ynskjer å fratre etter mange år som ettersøksdommer
Jakt/JAL	1	Inger Handegård
Appellmerkeprøve LP	1	Inger Handegård
Instruktørar:		
	1	Inger Handegård (NKK trinn 2 jakt, rallylydighet) Under utdanning: Laila Irene Røneid (har fungert som hjelpeinstruktør rally/LP)
Oppdrettarar med kennelnamn:		
	4	Desperado (ess), Fjordgløtt (ess), Zelfa (ess), Miramora (am cock)

## Årsmelding for Norsk Spaniel Klub avdeling Sogn og Fjordane

### Styret har for 2015 sett slik ut:

Leiar Inger Handegård, Luster	På val 2016	Er også leiar BK og BK-kontakt
Nestleiar: Elin Anita Gjerde, Leikanger	Vald 2015 for 2 år	
Styremedlem: Laila Røneid, Årdal	På val 2016	
1. vara/ Hilde Rotihaug, Eid	Vald 2015 for 1 år	

Kasserer: Per Ståle Vågene, Flora	Vald 2014 - attval	Er også jaktkontakt
-----------------------------------	--------------------	---------------------

RS-utsendingar: Styret

Revisor: Torstein Solset, Førde	Vald 2015 for 1 år
---------------------------------	--------------------

### Valnemnd:

Tonje Tollefsen, Førde (attval), Laila Røneid, Årdal (attval), Linn Didriksen Solsvik ( ny 2015)  
Internettansvarleg: Inger Handegård

Styremedlemmer vert vald for 2 år om gongen.

Leiar, jakt og brukshundkontakt, revisor og valnemnd vert vald årleg.

Leiar og brukshundkontakt vert vald mellom styremedlemmene.

Kasserar er ikkje på val med mindre eksisterande kasserer ynskjer avløysing

**RS-15 Ingen** reiste då ingen hadde høve å reise.

### Årsmøte i Gaupne 7. februar

Det møtte 8 + to på fire bein. Som vanleg hadde me eit kort årsmøte og så ei sosial og fagleg samling. Elin Anita hadde nok ein gong gjort ein utmerka jobb med å samle inn premiar som vart lodda ut. Alle frammøtte hadde også med seg ein liten ting til utlodding. Lars Gunnar Røneid vann hovudpremien som er eit gåvekort på kr. 350.- som kan nyttast på aktivitet i avdelinga i løpet av 2015. Ein spesiell takk til Inger som hadde kokt laupskaus, Laila som hadde baka brød og Elin Anita som serverte lappar. INGEN reiste svoltne heim! Torill Otterhjell gjekk av som mangeårig revisor og vart takka for dette med ei lita gave. STOR takk også til det nye styret som har sagt ja til å ta på seg verv og takk til alle som var med til å laga så fin stemning!

Fagtema på årsmøtet var fotografering. I samband med dette var det i forkant av årsmøtet utlyst fotokonkurranse. Det kom inn 11 flotte bilde. Jury var årsmøtet og kvart medlem skulle rangere dei fem bileta dei likte best. Når poenga vart rekna ut viste det seg at alle dei 11 bilda vart rangert blant dei fem beste av minst ein dommar! Vinnarbiletet var det Laila Røneid som hadde tatt – sjå framsida av bladet. Det vart delt ut premiar til dei tre mestvinnande i fylket 2014 (sjå årsmelding 2014) og i tillegg vart det delt ut ein ærespris til NSVCH BH Desperados Tingeling og Elin Anita Gjerde som har gjort ein fantastisk prestasjon i mange greiner med ein 10 år gammal veteran!

### Kurs og treningsamling rallylydigheit på Kaupanger 14-15 februar

Styret leigde ridehallen på Kaupanger og samarbeidde med Luster hundeklubb om å arrangere to kurs som gjekk parallelt i hallen. LHK stod som arrangør av kvelpekurset med 6 deltagarar (ingen spaniels deltok her) og NSK stod som arrangør av rallykurset der 2 av 6 hundar var spaniels. Rallykurset var på 8 timer og Inger Handegård var instruktør. Laila Røneid og Elin Anita Gjerde var hjelpeinstruktørar. Etter kursa begge dagar var det to timer med rallytrening. Heile 18 hundar deltok og ekstra kjekt var det at 10 av desse var spaniels.

### Klippekurs

Det har vore eit par spanieleigarar som har bedt om hjelp og opplæring. Inger og Laila har stått for opplæringa. Det er ekstra kjekt at to nye cocker-eigarar har tatt kontakt med klubben for å få hjelp.



NSVCH BH Desperados Tingeling  
BIS-veteran på Førdeutstillinga 2015  
snart 11 år gammel

### Spaniels på utstillinga i Førde 26 april

Dette er einaste utstilling for spaniels i heile fylket. Spanielspesialisten Svein Helgesen skulle dømme, men då han skulle også dømme europavinneren i Norge september, vart springer flytta over til Hannele Jokisilta frå Finland. Grunnen er at NKK gir ikkje dommarane på EDS lov å dømme samme rase andre stader dette året. Førde BHK søkte om dispensasjon, då avdelinga hadde gleda seg til å få ein spesialdommar på rasane våre, men utan hell. Totalt møtte 14 engelske springere, 6 cockere + 2 kvelpar og 1 sussex spaniel kvelp. Av desse var 7 hundar busett i Sogn og Fjordane. Springer er med dette den nest mest talrike rasen på denne utstillinga.



### Jaktanleggsprøve og apportprøve – bevegelege og ordinær

Det vart i år søkt om ein ordinær og to bevegelege prøvar. Bakgrunnen for dette var at einaste dommar i regionen i år hadde lyst å starte med eigen hund. Regelverket set krav til at ein og same dommar dømmer heile prøveperioden med bevegeleg prøve og ein dommar kan naturleg nok ikkje dømme seg sjølv. I tillegg er det krav om minst tre deltakrar frå to forskjellige oppdrettere for å kunne arrangere bevegeleg prøve. For å kunne gi alle medlemmene våre høve til å prøve seg to gonger på JAL denne sesongen, dømte Inger Handegård den første prøveperioden medan Ellen Getz Wold dømte den andre. Næraste prøve arrangert av andre avdelingar er minimum 6 timer å køyre ein veg... Ellen Getz Wold dømte også den ordinære prøven som gjekk i tida mellom dei to bevegelege prøvane. To hundar var påmeldt den første bevegelege prøven. Då det ikkje lukkast å få ein tredje hund til å starte på prøven, måtte den dessverre avlystast.

Fem hundar meldte seg på og starta på den ordinære jaktanleggsprøven i Gaupne 4. august. Tre av desse var frå vår avdeling. Alle dei startande var springere. Eit par av hundane hundar gjorde det ekstra spennande ved vatnet, men alle hundane bestod både tilgjengeleight, søksarbeid og vatn og fekk godkjent prøven. Dermed var det ingen som trengde ein start nummer to i år og den andre bevegelege prøven vart avlyst. Ingen hundar meldte seg på den annonserete apportprøvane.

## Jaktkurs

Dette kurset var planlagt hausten 2014 med innleidt instruktør, men me fekk ikkje til å realisere det. Dessverre har me heller ikkje fått til å realisere dette kurset i 2015. Men det har vore sentral samling for jaktkontaktane i avdelingane i regi av NSK og jaktkontakten vår Per Ståle Vågene var på denne samlinga. Per Ståle har også vore på eit anna jaktkurs for spaniels.



Alt etter alder på hund og ynskje frå førar har det vore alt frå korte godbitspor, til brukshundspor med pinnar, blodspor og ein hund har fått treningsspor med tanke på å bli redningshund.

Det var trening på folk som gjekk bak, spisse vinklar, spor som «hoppar» opp på liggande trestammer, svensk tilbakegang og mykje, mykje meir. Konklusjonen er at avdelinga har mange FLINKE sporleggarar og mange FLINKE hundar med god grunntraining. Dette har også vist seg på sporprøvane i løpet av året. Slike treningssamlingar håpar me også å få dra i gang fleire stader i fylket, men me er avhengig av lokalt engasjement for å få dette til.



## Familiedag på Nordfjordeid 30. mai

Primus motor for samlinga var styret i samarbeid med Hilde Rotihaug (vara til styret). 11 møtte med stort og smått. Fleire var frå Nordfjord-området og ekstra kjekt var det å sjå medlemmer som ikkje har vore med på slike samlingar tidlegare. Det kom også førstegangs spanieleigarar frå nabofylket. Mange hadde køyrt i fleire timer for å vera med på samlinga.

Samlinga var utruleg vellukka og alle fekk læra noko nytt. Det vart apporttrening med ulike problemstillingar der eldste hund var 12 år og yngste var 3 mndr., litt lydigheit, to spor, litt pelsstell, kake og kaffi, grilling og mykje prat. Dette var noko me bør prøve å gjera oftare!

## Bevegelege blodspor og fersksporprøvar

Interessa for å gå bevegelege blodsporprøvar i regi av avdelinga har vore litt større i år enn i fjor. 11 hundar starta på blodspor, av dei tre spaniels; to springere og ein cocker. Det vart delt ut 4 x 1. premie, ingen HP, 4 x 2. premie og 3 x 0. På fersksporprøve starta fem hundar – alle vart godkjent - ein av desse var ein cocker. Dommarar har vore Torstein Solset, Arvid Solheim, Inger Handegård og i slutten av perioden nyutdanna dommar Elin Anita Gjerde.



## Blodsporprøve på Nordfjordeid 7. juni

15 hundar starta og det vart delt ut 4 x 1. premie, 1 x HP, 5 x 2. premie og 6 x 0. Fem av dei startande hundane var spaniels; fire springere og ein cocker.

Dømte gjorde Arve Einar Nes, Per Helge Hopland og Birger Hogrenning. Elin Anita Gjerde var dommaraspirant. Hilde Rotihaug var primus motor for arrangementet og hadde fått frivillige frå Eid til å legge spor.



Startande spaniels på sporprøven i Årdal 2015

## Blodsporprøve i Årdal 21. juni

Grunna mykje snø og svært sein snøsmelting, vart det lagt opp til berre seks spor på denne prøven som går oppe i Seimsåsen. Hjortane i området hadde samla seg der det var mat å finne, så mange fekk utfordrande spor. 4 av dei startande var spaniels, alle frå avdelinga og tre av desse var debutantar Likevel kunne dommar Knut Jørstad dele ut 3 x 1. premie, ein av desse med HP, 2 x 2. premie og 1 x 3. premie. Primus motor for denne prøven var Laila og Lars Gunnar Røneid og to andre i avdelinga var med å legge spor.



## Blodsporprøve i Årdal 16. august

11 hundar starta; av desse fire springere. Dommarar var Kjell-Aage Birkeland og Elin Anita Gjerde. Flinke sporleggarar hadde laga gode spor til ekvipasjane der til tider sterk vind og enkelte regnbyer gjorde det ekstra utfordrande for nokre av deltakarane. Det vart delt ut 5 x 1 pr, ingen HP, 1 x 2. premie, 2 x 3. premie og 3 x 0. Primus motor for også denne prøven var Laila og Lars Gunnar Røneid og tre medlemmer la spor i tillegg til lokale hjelparar.

## NM blodspor 2015

Elin Anita Gjerde starta som einaste frå avdelinga med den erfarne springeren **NSVCH BH Desperados Tingeling** og gjekk til ein fin 1. premie.

## NM rallylydighet 2015

Inger Handegård starta som einaste frå avdelinga med **NVCH BH Desperados Xmilla** og **NUCH NVCH BH Desperados Aya**. Av 56 startande var det berre 9 som kvalifiserte seg til finalen, og ingen av hundane til Inger kom med.

## NM narkotikahund 2015

Tor Erling Egedahl frå Stryn og Hornindal lensmannskontor starta med den nyleg godkjende working springeren **Theo** og gjekk heilt til topps. Me gratulerer!





### Dobbel rallystevne i Årdal 24 og 25 oktober

Avdelinga skreiv historie ved å vera første NSK-avdeling som arrangerer rallystevne. Me var spent på interessa for å melde på såpass seint på året og i Årdal, men påmeldingstala vart langt over alle forventingar. Dette vart kort og godt det største stevnet arrangert på Vestlandet til no med 56 hundar påmeldt laurdag og 53 søndag. Av dei startande var det 11 spaniels; alle springere og heile 10 av desse var busett i avdelinga! Desse hundane gjekk i klasse 1, 2 og elite. Alle dei startande spanielane fikk alle minst ein x 1. premie, noko som er ein flott bragd då det er lett å diske i rally. Fleire fekk nye rallytitlar og to spaniels kunne reise heim med cert. Dommar Kirsti Khars var positivt overraska over det gjennomgående høge nivået på alle dei startane hundane! Bak arrangementet stod styret.

### Regionmesterskap i rally, lydigheit, agility og blodspor i regi av NKK Nordvestlandet

Regionmesterskapet i LP og AG var i samband med NKK-Ålesund, regionmesterskap i blodspor vart arrangert av NSK-Møre og Romsdal. Ingen frå avdelinga var med her. På regionmesterkpaet i rally som gjekk på Nordfjordeid var det med mange spaniels frå avdelinga. Regionmesterskap er eit flott tiltak som me håpar vil halda fram.

Avdelinga fekk to regionmestrarar:

Rally-klassen 1:

**Desperados Finnwin** til Inger Handegård  
Rally-klassen 2: **Zelfa's Ariel** til Laila Røneid



### Spanielsamling på Byrkjelo

#### 21. november

Avdelinga var pålagd av HS å arrangere medlemsmøte der tema for samlingen var klubben si framtidige utstillingspolitikk. Styret meinte dette var eit viktig møte, men var redd at få av medlemmene var villige til å reise langt på denne tida av året for å delta. Løysinga vart å samtidig arrangere spanielsamling med hovudfokus på rasane våre og utviklinga av desse, rasestandard, mini trimmekurs og mini utstillingskurs. I tillegg var det uoffisiell utstilling der deltakarane sjølv prøvde seg som dommarar og sosial samling.

Interessa for å vera med var stor. Heile 12 meldte seg på, men tre måtte dessverre melde fråfall. Til tross for därlege

køyreforhold var det ni som møtte på Fjordhestgarden på Byrkjelo hadde ein lærerik, triveleg og frisk dag. Inger hadde ein times foredrag og viste bilder av korleis rasane har utvikla seg.

Udstillingssystemet vart forklart. Fire punkt frå rasestandarden vart tatt fram og illustrert med bilder: hovud, front, pels og bevegelsar. Stor var overraskinga då alle dei frammøtte etterpå skulle vera dommarar på akkurat desse fire punkta. Hundane vart delt opp i fire grupper, og tre dommarar gav poeng individuelt på dei hundane dei hadde til bedømming. Alle fekk oppleve at det å dømme ikkje er så enkelt som ein skulle tru... Det var spesielt hyggeleg at det møtte fire kvelpar der fire av eigarane til desse aldri har vore i ein utstillingsring før.



### NSK avd. Sogn og Fjordane er framleis leiar for NSK's brukshundkomite

Inger Handegård er leiar i brukshundkomiteen, medan Ellen Getz Wold (Oslo/Akershus) og Wenche Randi Krogstad (Sør-Trøndelag) er medlemmer. BK har hatt eit par saker i løpet av 2015.

### Nye spanielkvelpar i Sogn og Fjordane – potensielle nye medlemmer til avdelinga

Det er, etter det styret kjenner til, fødd 2 spanielkull i fylket i 2015, begge kulla er engelsk springer spaniel. I fylgje NKK sin registreringsstatistikk for 2014 vart det registrert 8 nye spaniels/spanieleiere i Sogn og Fjordane i 2014 – 3 cockere (Høyanger, Årdal og Stryn) og 5 engelske springere (Flora 2, Førde, Leikanger og Sogndal).

Me håpar å møte desse på samlingane våre og at dei melder seg inn i klubben vår. 2015 statistikken er ikkje klar i skrivande stund.



### Nye champions i avdelinga i 2015:

**Rallylydighet:** NRLCH NVCH BH Desperados Xmilla til Inger Handegård

**Viltspor:** NVCH RL1 RL2 Desperados Finnwin til Inger Handegård

## Spaniels i avdelinga som har fått mellomtitlar i 2015 (alle i rallylydighet):

**RL1:** **RL1 Fjordgløtts Belezza** til Sissel Ytre Eide  
**NVCH RL1 Fjordgløtt's Bonnie** til Elin Anita Gjerde

**RL2:** **NORD VCH RL2 Desperados Rochelle** til Inger Handegård (12 år gammal!)  
**NSVCH BH RL2 Desperados Tingeling** til Elin Anita Gjerde (11 år gammal!)  
**NSVCH BH RL2 Desperados Zelda** til Laila Røneid  
**NVCH RL1 RL2 Desperados Finnwin** til Inger Handegård  
**RL2 Zelfa's Ariel** til Laila Røneid

## Årets mestvinnande i fylket 2015:

Det er medlemmene som har ansvar for å sende inn eigne resultat. Styret plukkar ut vinnar av årets debutant og junior frå bl.a. heimesida og FB-sida til klubben, frå medlemsmøte, samlingar og kurs. Det var ingen aktuelle kandidatar til årets junior i år, så den går ut. Årets debutant er plukka ut frå dei som har vore aktive på offisielle arrangement og som også har vore aktive på klubben sine arrangement.

**Årets hund:** **NVCH NRLCH BH Desperados Xmilla** til Inger Handegård

**Årets debutant:** **Bodvar Årskog** med **Centennial's Dalmore Jubilee**

**Hederspris til:** **Tor Egedahl** med **Theo – NM-vinnar narkotikahund**

Alle vinnarane får ei helsing på årsmøtet, presentasjon på heimesida og i spalta vår i Våre Spaniels. Konkurransen om årets hund var knallhard også i år! To av hundane frå fylket er på pallen på årets rallylydighetsspaniel på landsbasis og 5 til er blant topp 10. 5 hundar frå avdelinga var på topp 10 på allsidigkeitsspanielen og 3 var på topp 10 årets lydighetsspaniel! Imponerande innsats!



### Ny ettersøksdommar: Elin Anita Gjerde

Elin Anita kjem frå Leikanger og er oppvaksen på gard med mange ulike dyr. Første hunden, ein engelsk springer spaniel, fekk ho i 1997. Interessa for jakt var stor og Niva vart viltsporchampion, godkjent og brukt som ettersøkshund og ho vart også godkjent på jaktanleggsprøve. Ho har vorte etterfult av Tingeling og Bonnie som har hatt same karriere på spor og jakt som Niva. Tingeling har vorte beste spaniel på NM blodspor, årets sporhund og årets allsidigkeitsspaniel i Norsk Spaniel Klub. Elin Anita jaktar sjølv hjort og driv også med ettersøk for andre. Med lang erfaring frå jakt og sporprøvar, også som sporleggar, er me trygge på å ha fått eit dyktig tilskot til dommarstanden vår!

## Dette er me gode til i avdelinga vår:

- Få til variert aktivitet
- Arrangere offisielle arrangement som blodspor, jaktanleggsprøve og rallylydighet
- Dugnadsånd!
- Ha god stemning på arrangementa våre
- Hjelpa kvarandre og skubba kvarandre oppover
- Finna løysingar på praktiske problem
- Oppnå resultat
- Ha god økonomistyring